



---

<b>Utval:</b>	Eidfjord Fjellstyre		
<b>Møtestad:</b>	Kommunehuset		
<b>Møtedato:</b>	25.10.2012		
<b>Tidspunkt:</b>	18:00 - 19.00	<b>Saksnr:</b>	021/12 – 023/12

---

---

**Følgjande medlemer møtte ikkje:**

Lars Kristian Eidnes meldt forfall  
Kari Tveit Hovland ikkje meldt forfall  
Knut Johan Medhus ikkje meldt forfall  
Dagny Opedal ikkje meldt forfall

---

**Følgjande varamedlemer møtte ikkje:**

Arne O Bu meldt forfall

---

**Følgjande frå administrasjonen møtte:**

Ingen

---

Merknader til innkalling:

Godkjent.

Orienteringar:

Vert å ta opp på neste møte.

Sakene til fjellstyret vart ikkje handsama i dag då me ikkje var vedtaksføre.

Underskrifter:

Me stadfestar med våre underskrifter at møteboka er ført i samsvar med det som vart vedteke på møtet.

Eidfjord, 26.10.2012

Vidar Riber

medlem

Aslak Myrvang

medlem

## SAKLISTE

<b>Sak nr.</b>	<b>Saktittel</b>
021/12	Fiskeforvatning i Skaupsjøen
022/12	Søknad om beiting i Eidfjord statsalmenning
023/12	Referatsaker (meldingar)

## 021/12: Fiskeforvatning i Skaupsjøen

### Sakshandsamar sitt framlegg til vedtak:

Fjellstyret er positiv til at det vert utarbeidd felles garnfiskereglar og kultiveringsstrategi for Skaupsjøen.

25.10.2012 Eidfjord Fjellstyre

### Handsaming:

Saka vert utsett

Røysting:

Samrøystes

### EFS-021/12 Vedtak:

Saka vert utsett

## 022/12: Søknad om beiting i Eidfjord statsallmenning

### Sakshandsamar sitt framlegg til vedtak:

Med heimel i §15 i fjellova får Jens Chr. Dørheim, Job Nedrebø, Borghild Øyna, Kato Frøvik og Ingar Ivesdal. (heretter kalla Halne beitelag) leige beite på Eidfjord statsallmenning. Fjellstyret set med heimel i fjellova, §16, følgjande vilkår for beiteleige på Eidfjord statsallmenning:

1. Beiteleiga gjeld for 3 år (2013, 2014 og 2015). I denne tida skal fjellstyret ha høve til å seia opp eller endra vilkåra i leigeavtala med eit års varsel dersom det kjem fram forskingsresultat som sterkt indikerer negative effektar av sauebeite eller at vilkåra i beitekontrakten vert broten.
2. Beiteområdet vert avgrensa av Rv 7 i sør, Buskerud grensa i aust, Ulvik grensa i nord og privatsameiger og vassdraget Jøkleelvi i vest.
3. Det skal vera gjeting i heile beitetida, sau som kjem ut av beiteområdet skal ikkje takast inn på beiteområdet at, men verta sendt heim.
4. Halne beitelag skal ikkje ha saltsteinautomatar nærare grensene enn 1 km eller der desse kan gje fare for streifbeiting.
5. Beiteleiga vert sett til kr 23.00 per slept sau. Beiteleiga vert indeksregulert kvart år etter konsumprisindeksen (med utgangspunkt i februar 2008).
6. Det vert ikkje tillete slept meir enn 1000 beitedyr.
7. Fjellstyret skal ha oppgåve over tal sau og lam slept frå kvar buskap samstundes med slepp. Fjellstyret skal verta varsla før fjellsending.
8. Slepp av beitesau skal skje i grustaket på Halne.
9. All sau som vert slept skal vera tydeleg merka.
10. All sau som vert slept skal ha veterinærgodkjenning før slepp.
11. Landbrukskontoret i Eidfjord avgjer når beita er tilstrekkeleg utvikla til at fjellsending kan skje.
12. Beitelaget får løyve til å setja opp skiljehegne, gjerde i Vesle Kjeldenuten og elektrisk gjerde for Halne fjellstova.
13. Beitelaget skal halda orden i området for slepp og pålasting.

**25.10.2012 Eidfjord Fjellstyre**

**Handsaming:**

Saka vert utsett

Røysting:

Samrøystes

**EFS-022/12 Vedtak:**

Saka vert utsett

**023/12: Referatsaker (meldingar)**

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Fjellstyret merka seg meldingene.

**25.1.2012 Eidfjord Fjellstyre**

**Handsaming:**

Røysting:

Samrøystes

**EFS-023/12 Vedtak:**

Fjellstyret merka seg meldingene.